

UNDERSVINGSMATERIELL

TOLLAK TIL INGEBORG

av Tore Renberg

UNDERSVINGSMATERIELL AV ANNE HOLTAN

FOTO: MAGNUS SKREDE

FORORD

Tore Renberg sin roman "Tollak til Ingeborg" kom ut i 2020 og blei ein formidabel suksess. Romanen er hylla av kritikarar og lesarar, og mange meiner dette er hans sterkaste så langt.

Når Teater Vestland og Riksteateret no lagar teater av "Tollak til Ingeborg" er det forfattaren sjølv som har dramatisert romanen. Tore Renbergs bøker er kjent for å gi stemme til levande og fargerike karakterar i alle aldrar og frå ulike samfunnslag. Det er karakterane som driver handlinga framover, og dette er også noko som kjenneteiknar god og spelbar dramatik.

Denne gongen portretterer han ein gammal og dødssjuk mann som tar oppgjær med livet i det han nærmar seg døden. Historia om Tollak er original og samtidig attkjenneleg. Vi kjenner igjen den gamle grinebitaren som strittar imot framsteget og tida vi lever i, der alt skal effektiviserast og gå fort. I denne korte romanen utspeler det seg først og fremst eit intenst og thrilleraktig familiedrama der dramaturgien er bygd opp som ein spenningsroman. Historia blir drive fram av konflikhtar og mørke familieløyndomar som blir avslørt til slutt.

"Tollak til Ingeborg" rører også mange samtidsrelevante spørsmål og tema som m.a. handlar om utanforskap og framandgjerding i høve til den teknologiske utviklinga. Dette er bakteppe for fleire av drøftingsoppgåvene i dette undervisningsmaterialet. Andre meir praktiske oppgåver er laga med tanke på å stimulere kreativitet og fantasi. Nokre oppgåver er og knytt direkte til framsyninga elevane skal sjå.

Undervisningsmaterialet er laga med tanke på at det kan brukast både før og etter at elevane har sett framsyninga. Oppgåvene er ikkje fagspesifikke og kan brukast på tvers studieretningar og trinn, der det er vektlagt tverrfaglege tema og elevmedverknad. Eg har delt inn oppgåvene under 3 tema og det er meininga at de kan plukke og blande oppgåvene som de vil.

Eg vonar dette undervisningsmaterialet vil vekke nysgjerrigheit og engasjement. Ønsker dykk alle ei god teateroppleving og lykke til med oppgåvene!

Hilsen Anne Holtan



SEBASTIAN BIONG
Oddo

ANDRINE SÆTHER
Ingeborg

FOTO: MAGNUS SKREDE

Bruk undervisningsmaterialet digitalt

Med omsyn til miljøet har vi valt å lage eit undervisningsmateriell som er tilpassa digitale flater, og ikkje utskrift. Undervisningsmaterialet er sett saman av interaktive lekkjer som tek deg vidare til vedlegga i materialet.

SAMANDRAG

”**Tollak til Ingeborg**” av Tore Renberg er eit intenst familiedrama der historia blir fortalt gjennom romanens hovudkarakter Tollak. Det handlar om Tollak, relasjonen til kona, Ingeborg og til barna.

Tollak er ein eldre dødssjuk mann som berer på tunge løyndomar. Han bur og arbeider på eit avsidesliggjande sagbruk som han har drive heile livet. Kona Ingeborg blei borte på mystisk vis for mange år sidan og blei etterkvart erklært død. Deira to vaksne barn, Hillevi og Jan Vidar har for lengst flytta heimanfrå. Tollak bur i lag med Oddo som er ein vaksen utviklingshemma mann.

Mens Ingeborg levde, tok dei til seg Oddo. Det var Tollak som avgjorde at Oddo skulle bu hos familien, men han fortalte aldri at Oddo er hans eigen son frå eit tidlegare forhold. Det var krevjande for heile familien å ha Oddo buande. Han tok mye plass og merksemd, men Tollak har knytt seg sterkt til Oddo og forsvarer han alltid når andre snakkar nedsetjande om han eller mobbar. Oddo heiter eigentleg Otto men han kan ikkje uttale bokstaven-t så han kallar seg Oddo, og Tollak blir sint og såra når andre kallar han Oddotosken.

Tollak veit at han er døyande og sender bod på dei vaksne barna for endeleg å lette hjartet og fortelje historia om Oddo og om Ingeborgs forsvinning. Ingeborg er Tollaks store kjærleik og «lever» framleis i hugen til Tollak. Han har indre samtaler med Ingeborg og søkjer råd hos henne. Forteljinga beveger seg mellom fortid og nåtid ettersom Tollak minst episodar frå livet og snakkar med Ingeborg mens han ventar på at barna skal kome heim.

Renberg skildrar Tollak som ein gretten outsider, ein stabeis som ikkje vil tilpasse seg tida han lever i. Han er sint og taus, sjølv om han eigentleg har mykje kjærleik inni seg som han viser i si omsorg for Oddo og når han snakkar med den avdøde kona Ingeborg. Ingeborg var hans motsetnad. Ho var limet i familien, sosial, klok og menneskekjær og godt likt av alle. Hillevi har eit svært vanskeleg forhold til Tollak. Ho meiner at han har øydelagt familien med sitt raseri og manglande evne til å kommunisere. Hillevi og Tollak er like av sinn mens sonen Jan Vidar har arva mora sitt milde vesen. Oddo lever i si eiga verd og syslar med å få orden på fiskegarna.

LES MEIR OM FRAMSYNINGA **HER**

HØR RENBERGS TANKAR **HER**

I ROLLENE:



FOTO: STEPHAN MEHL

Frå venstre: **Andrine Sæther** (Ingeborg), **Kyrre Eikås Ottersen** (Tollak),
Harald Ottesen Nødtvedt (Jan Vidar), **Malene Wadel** (Hillevi) og **Sebastian Biong** (Oddo)

INNLEIING: FORTID, NOTID OG FRAMTID

Hovudtema for disse 3 oppgåvene er korleis den teknologiske utviklinga påverkar våre liv og om det er nokre verdiar vi mister undervegs. I vedlagt studiemateriell er det lagt vekt på utvikling av kunstig intelligens.

«Eg er Tollak til Ingeborg. Eg høyrer fortida til. Eg har ingen planar om å finne min plass nokon annan stad. Den tida vi lever i no, ho er ikkje mi. Det var ikkje her eg blei skapt. Det var ikkje dette eg lærte. Den nye tida spurde ikkje om lov. Ho tvinga seg på livsmåten vi har her oppe i dalen. Tvinga seg inn i stova, inn på soverommet, ned i kjeften og inn i kroppen. Og slik held ho på, dag ut, dag inn, og eg liker ikkje ganglaget hennar. Eg liker ikkje ansiktet hennar. Eg liker ikkje lukta hennar. Vi har inga interesse av kvarandre»

Tollak protesterer mot den teknologiske utviklinga. Vi kan kalle han bakstreversk, ein stabeis som held seg til fortida, men han stiller og viktige spørsmål om verdiar som går tapt i jaget etter framsteget og effektivitet.

Mange meiner at menneskeslekta no står i eit vegskilje i høve til den teknologiske utviklinga. Diskusjonane går høgt om kunstig intelligens er eit gode for mennesket eller om det blir vår undergang viss vi ikkje stoppar opp og sett nokre felles etiske køyrereglar for korleis KI skal brukast. Vi veit at KI kan hjelpe mennesket til større effektivitet, og antakeleg hjelpe oss å løyse store problem som klimakrisa og matmangel. Det vi ikkje veit er korleis KI kan skade oss viss det kjem ut av kontroll.

Mange fryktar at denne superintelligensen kan bli brukt til å få makt og som reiskap i intelligent krigføring. Andre fryktar at vi vil bli mindre intelligente og kreative viss vi let KI tenkje for oss, male bileta våre, skape musikken og skrive tekstane våre.

MALENE WADEL
Hillevi



FOTO: MAGNUS SKREDE

OPPGÅVE 1:

DEN SOKRATISKE SAMTALA

INNLEIING

Den sokratiske samtala er ei utforskande samtale der formålet er å tenkje høgt i lag, å lytte til og lære av kvarandre, å utfordre og bli utfordra for å få ei djupare forståing av idear og verdiar i ein tekst eller ein film. Dette gjer vi gjennom å stille opne spørsmål og å reflektere kollektivt rundt desse. Det krev god tilrettelegging og at alle følger bestemte køyrereglar.

Tema for denne samtala er utviklinga av kunstig intelligens og korleis KI påverkar oss menneske og måten vi lever og samhandlar på.

FØREBUING

Som grunnlag for samtala skal heile klassen lese følgjande tekst og sjå intervjuet med Max Tegmark, som er ein av verdas leiande forskarar på KI.

"HER SER VI EFFEKTEN KUNSTIG INTELLIGENS (..)"
av Martin Bergesen, Kontekst. **LES HER**

"30 MINUTT MED MAX TEGMARK"
Frå SVT. **SJÅ HER**

KORLEIS GÅR SAMTALA FØRE SEG

Elevane skal dele deira tankar, perspektiv og synspunkt kring utvikling og bruk av KI. Dei skal diskutere dette med utgangspunkt i teksten dei har lese og videointervjuet dei har sett. Målet er ikkje at gruppa skal bli samde om noko eller at dei skal nå ein konklusjon. Målet er å opne for refleksjon og undring, og få fram ulike perspektiv rundt spørsmåla.

1. Del klassen inn i grupper på 5 elevar
2. Pek ut 1 gruppeleiar som er ordstyrar og skal sørge for at alle i gruppa får uttalt seg i høve til spørsmåla som blir stilt. Alle i gruppa skal få anledning til å få fram deira perspektiv på temaet
3. Gruppa blir samde om 5 opne spørsmål dei skal diskutere som er relevante for teksten og videointervjuet.
4. Kvar elev i gruppa skal foreslå eit spørsmål som kan hjelpe gruppa å reflektere i lag. Det viktigaste er at elevane finn spørsmål som dei sjølv er interessert i å få drøfta
5. Samtala varer til alle spørsmål er stilt og diskutert

Eks. på opne spørsmål:

- Kva fordeler og ulemper ved bruk av KI kjem fram i teksten og i videointervjuet?
- Korleis argumenterer for fritt bruk av KI eller at vi må bremse utviklinga?
- Korleis kan KI påverke oss i framtida?
- Kva gjorde mest inntrykk på deg og korfor?
- Er det noko i teksten eller i videointervjuet du er samd/ ikkje samd i? I så fall kva?

Samtalen startar med at samtaleleiar stiller det første spørsmålet. Målet er at deltakarane, gjennom å vise til teksten og å bygge på kvarandre sine utsegner, i fellesskap skal komme fram til eit svar som gir alle litt betre innsikt i teksten. Det er lov å være usamde og uttrykke dette, men den sokratiske samtala er ikkje ein diskusjon der det dreiar seg om å ha rett eller overtyde kvarandre. Forståinga er hovudsaka.

OPPGÅVE 2: INDIVIDUELL SKRIVEOPPGÅVE

Kan grunnleggande verdiar gå tapt, og framandgjerjing bli resultat av den raske teknologiske utviklinga?

I denne oppgåva skal elevane sjølv gjere research på korleis den teknologiske utviklinga blir opplevd av eldre menneske i samfunnet. Som ein lekk i førebuinga til skrivearbeidet skal elevane intervjuje minst eitt eldre menneske dei kjenner (kan gjerast på telefon, facetime etc. om det er vanskeleg å møtast). Det er viktig å førebu gode spørsmål som gir utfyllande svar som gir intervjuobjektet rom til å tenkje og reflektere.

Tips til spørsmål for samtala:

- Korleis opplever du tida vi lever i no?
- Var det betre å leve i verda før? I så fall korfor/ korfor ikkje ?
- Korleis ser du for deg verda 20 år fram i tid?
- Korleis er di oppleving av meistring i høve til ny teknologi?
- Korleis stiller du deg til nye teknologiske verktøy?
- Ville du hatt ein robot i huset som kunne hjelpe deg med ting og som du kunne snakke med når du er aleine?

Bruk informasjonen du fekk gjennom intervjuet og evt. andre kjelder til å skrive et essay eller ein argumenterande tekst. Drøft den teknologiske utviklinga sine fordeler og ulemper spesielt ut i frå den eldre generasjonen sitt perspektiv og prøv å sjå for deg korleis det var å være ung i ei tid utan internett, datamaskiner og tv. Kva har vi vunne og kva har vi tapt?

OPPGÅVE 3: KI OG FAMILIELØYNDOMAR

INNLEIING

Det er ein pågåande diskusjon om KI og produksjon av tekst, bilete, design og musikk. Kan vi kalle det kunst når det er maskinen gjer jobben med å prosessere og gi uttrykk til våre idear og kunstnarlege visjonar?

I denne oppgåva skal elevane sjølv få prøve seg som dramatikarar med hjelp av KI. Dei skal lage ein dialog basert på eit gitt scenario og bruke karakterane i Tollak til Ingeborg.

INSTRUKS

Elevane skal arbeide i grupper på 3-5 elever. Før dei går i gang bør dei lese samandraget til Tollak til Ingeborg i innleiinga. Før elevane går i grupper, bør dei lese følgjande artiklar og ta tid til ein diskusjon i klassen.

Viss ein forfattar matar KI med plott og karakterskildringar til ein roman og KI skriv teksten, kven er da forfattaren og kven har opphavsrett?

"KAN EIN ROBOT SKRIVE EIN ROMAN?"
av Åsmund H. Eikenes, Framtida. **LES HER**

• "NO LIKNAR KI ENDA MEIR PÅ KREATIVE MENNESKJE (..)"
av Per Kristian Bjørkeng, Aftenopsten. **LES HER**

For å få teksten best mogleg må de prompte (mate) inn så mykje og presis informasjon om karakterane og situasjonen som mogleg i chatten. Det er mogleg dei må spørje KI fleire gongar og reformulere spørsmåla for å få ein dialog som dei er nøgde med. Etter at elevane har laga dialogen skal dei prøve å spele han i gruppa og diskutere kvaliteten. Er det noko dei vurderer som spelbart på ei teaterscene? På neste side finn dei 2 ulike scenario som dei kan bruke i samarbeid med KI.

Scenario 1: lag ein situasjon og ein dialog der dette skjer

”Tollak trudde at ingen visste at han var far til fosterbarnet Otto, som han og Ingeborg tok til seg. Når Tollak til slutt fortel dei vaksne barna Hillevi og Jarl Vidar at Otto er halvbroren deira seier dei at det har dei visst lenge. Korleis fekk dei vite dette? Kanskje var det Ingeborg som fortalte eller kanskje fekk dei vite det av nokon i bygda.”

Scenario 2: Korleis fortell han dette? Hva gjer Hillevi og Jan Vidar etterpå? Vil dei fortelje dette vidare til lensmannen og få Tollak arrestert?

”Ingeborg som var den kjære kona til Tollak blei borte på mystisk vis for fleire år sidan, og blei til slutt erklært død. Tollak er nå dødssjuk og vel å fortelje barna at han har drepe mora deira. Han slo ho i hel i raseri da ho sa at ho ikkje lenger ville ta seg av Otto og ha han buande.”

BRUK OPENAI **HER**

SEBASTIAN BIONG
Oddo

FOTO: MAGNUS SKREDE

OPPGÅVE 4: UTANFORSKAP

INNLEIING

Lever vi i eit mangfaldig samfunn der det er plass til alle? Fleire av karakterane i Tollak til Ingeborg lever i ei form for utanforskap. Tollak i eit slags sjølvvalt eksil der den einaste han verkeleg har kontakt med er den psykisk utviklingshemma sonen Oddo.

Oddo er heller ikkje inkludert i samfunnet. Han har eit vanskeleg temperament og trekker seg unna sosial kontakt. Han held seg oppe på sagbruket i lag med Tollak. Kanskje har han blitt folkesky fordi han har opplevd å bli mobba i bygda fordi han er «annleis».

UTDRAG FRÅ BOKA

Tollak står i kvelden sin i notida og ser på det som utspeler seg i minnet.

ALF IVAR

Er det Oddotosken?

Guten sirklar rundt Oddo.

ALF IVAR

Oddotosken! Har du fått deg is? Ta han til munnen då, vel. Klarer du ikkje ete han? Treffer du ikkje opningen? Gap då! Gap opp kjeften då! Oddotosken!

Guten held fram med framferda si.

ALF IVAR

Kan du ikkje seie namnet ditt? Kva? Få høyre? Få høyre når du seier namnet ditt! Oddo? Od-do? Sei det, då! Oddotosken! Kva? Men få høyre då! Sei det, då! Oddotosken!

I denne oppgåva skal elevane reflektere i lag over kva for mekanismar som fører til at nokre fell utanfor i samfunnet og det sosiale livet. Elevane skal jobbe i grupper på 3-4 elever og lage ein podcast som skal handle om utanforskap.

FORARBEID

1. Start arbeidet med å diskutere ulike former for utanforskap og lag ei liste
2. Diskuter kva for individ eller grupper de meiner er mest sårbare for utanforskap, og korfor?
3. Diskuter kva slags konsekvensar utanforskap kan ha både for enkeltmennesket og for grupper.
 4. Kva kan vi gjere for å hindre utanforskap? Lag ei liste med forslag til tiltak
5. Bruk refleksjonar og tankar som har kome fram i diskusjonen i gruppa når de skal lage podcasten. Det er viktig at stemmene og meningane til kvar einskild kjem fram, og det er helt greitt å være usamde i ein debatt.

OPPGÅVE 5:

KYNNEROLLER OG STERKE KJENSLE

INNLEIING

Tollak manglar både evne og vilje til å uttrykke kva han eigentleg kjenner og tenker, bortsett frå til den avdøde kona Ingeborg. Han er hard mot seg sjølv og andre og uttrykker seg ofte negativt som eit slags forsvar mot å sleppe folk innpå seg. Han høyrer til ein generasjon menn der det å snakke om kjensler blir sett på som umandig. Tollak seier at han ser ein veikskap i sonen Jan Vidar fordi han er så kjenslevar. I dagens samfunn blir denne kjønnsrollemodellen opplevd som utdatert og guter så vel som jenter blir oppfordra til å snakke om kjensler. Likevel er det mange som synst dette er vanskeleg eller unaturleg.

Todelt oppgåve

1. Elevane skal først arbeide i par og lese dei to vedlagte artiklane om guter og deira relasjon til eget kjensleliv og ei mannsrolle i endring. Dei to forfattarane har særskilte perspektiv på temaet. Elevane skal deretter lage ei oversikt over hovudargumenta i tekstane og diskutere følgjande spørsmål der den eine forsvarer Robert Mood sitt perspektiv og den andre Mani Hussein sitt perspektiv.

"MENN AV FÅ ORD"
av Robert Mood, NRK. **LES HER**

"VI MÅ SNAKKE SAMAN, GUTAR"
av Mani Hussein, Dagsavisen. **LES HER**

2. Individuell skriveoppgåve: Elevane skriv eit kort personleg essay der egne erfaringar og tankar om temaet skal kome fram.

FOTO: MAGNUS SKREDE

KYRRE EIKÅS OTTERSEN
Tollak

OPPGÅVE 5: TOLLAK VIL HA HJELP

INNLEIING

Tollak er ein mann av få ord og han har mykje sinne i seg. Når det boblar og koker inni han trekker han seg unna og tyr til alkohol for å få utløp for kjenslene. Broren til Tollak ber han oppsøke hjelp, men dette gjer han berre enda meir sint.

Elevane skal arbeide parvis med denne oppgåva. Som forarbeid skal elevane lese dei korte utdraga frå manus under og gå inn på lekka til «Føleleseskompasset». Føleleseskompasset er ei nettside der ein kan lære om kjensler, utforske eigne kjensler og finne øvingar som kan hjelpe ein å forstå og endre vanskelege kjensler.

Etterpå skal elevane lage eit rollespel der Tollak omsider går til ein psykolog eller ein klok venn for å få hjelp til å takle sinne sitt. Spel først situasjonen der den eine tar rolla som Tollak og den andre er terapeut/venn. Etterpå snur dei på rollene og gjer det ein gong til.

Tips! Gjennom samtala kan de utforske følgjande spørsmål:

- Kor kjem sinne til Tollak frå?
- Kva er det som utløyser sinne?
- Kva gjer Tollak når raseriet bobler?
- Kvifor er det vanskeleg å snakke om? Kva er han er redd for?
- Kva føler Tollak etter raseriutbrota?
- Korleis kan Tollak hjelpe seg sjølv når han kjenner at han blir rasande og held på å miste kontrollen?

LES MEIR OM "FØLELESEKOMPASSET" **HER**

UTDRAG FRÅ MANUS

*Tollak går til eit skåp som står i stova. Uroleg. Han opnar skåpdøra. Det står ei spritflaske der.
Han tar flaska ut. Ser på henne. Vender henne i hendene.*

TOLLAK

Med meg er det slik at eg somme tider må drikke. Det høgg, det stig og det tar makta. Kva det er, det veit eg ikkje. Nakken krummar seg, tennene pressar seg mot einannan, nevene knyt seg.

Han skrur av korken på flaska.

TOLLAK

Du får halde deg unna, Ingeborg, pleidde eg å seie når det kom hylande. Ja. Du får halde deg unna, for no skal eg drikke.

I stolen sit Ingeborg under leselampa. Ho er i fortida, han er i notida.

TOLLAK

(hermer stemma til Ingeborg)
«Kan du ikkje halde opp med det der.»

Tollak ser mot Ingeborg. Han minnest orda hennar:

INGEBORG

Ver så snill. For mi skuld. For ungene.

Han vender korken i handa.

INGEBORG

For Oddo, då.

Tollak skrur på korken. Set flaska inn igjen.

TOLLAK

Eg skal ikkje røre henne i kveld. Ikkje no.

INGEBORG

Det er harskt, det blodet ditt.

TOLLAK

Eg har det illsinte i meg. Det er blodet mitt. Dei skulle ha det ut av meg.

LARS ÅGE

Korleis skal ein snakka til ein som deg ...

TOLLAK

Eg har aldri bedt nokon snakke til meg. Byggevareutsal skal dei ha. Forbanna kronekåte pakk.

LARS ÅGE

Du kan ikkje drive og hudskjelle folk. Du kan ikkje banke opp unge gitar. Du kan ikkje ignorere samtida. Du må få deg noko hjelp.

TOLLAK

Er du ferdig?

LARS ÅGE

Dette seier eg som bror din. Høyr. Du må snakke med nokon. Du kan få kontrollert det. Far hadde óg det der. Farfar hadde óg det der. Det er på tide å få det ut av slekta. Det finst hjelp, Tollak. Høyrer du?

OPPGÅVE 6: KORLEIS LAGE OG FORSTÅ EI TEATERFRAMSYNING?

INNLEIING

Å lage ei teaterframsyning er ein kompleks prosess som involverer mange yrkesgrupper som arbeider over lang tid. Det er dramatikaren som skriv teksten som regissøren og skodespelarane skal iscenesette. Det er scenografen, kostymedesignaren og lysdesignaren som lagar det visuelle uttrykket og skaper eit rom der handlinga utspeler seg. Det er musikarar og lyddesignarar som lagar musikk og lydleg atmosfære. I tillegg er det sceneteknikarar som avviklar framsyninga. Alle disse elementa skal fungere saman for å skape ei vellukka framsyning.



FOTO: MAGNUS SKREDE

Desse oppgåvene er laga med tanke på at elevane skal få innsikt i noko av arbeidet som ligg bak framsyninga Tollak til Ingeborg og til slutt skrive ei melding av framsyninga etter at dei har sett ho.

OPPGÅVE 6.1: FORFATTAREN

I denne oppgåva skal elevane bli kjent med forfattaren Tore Renberg som har skreve romanen Tollak til Ingeborg og dramatisert han for Riksteatret. Etter at romanen kom ut i 2020 blei forfattaren intervjuet i programmet Kulturstripa på NRK. Som førebuing til denne oppgåva skal klassen høyre intervjuet.

HØR KULTURSTRIPA PÅ NRK **HER**

(intervjuet er 35 min. langt frå 2:30- 36:00)

Elevane må ta notat undervegs og legge merke til kva Renberg seier om kva som inspirer han til å skrive og korleis han utviklar karakterar og handling. Renberg har skreve mange romanar, men berre to på nynorsk. I intervjuet snakkar han også om skilnaden mellom å skrive på bokmål og nynorsk.

Etter at klassen har høyrt intervjuet skal dei arbeide parvis og lage ei tenkt scene mellom de to vaksne borna Hillevi og Jan Vidar. Etter at Tollak har fortelt at moren deira Ingeborg har blitt borte drar dei heim for å vere med å leite etter ho. Dei snakkar om kva som kan ha skjedd med ho. Hillevi er sint på faren og trur at mora har rømt ifrå Tollak fordi hun er lei av sinnet hans og ikkje orkar meir. Ho legg skylda på faren. Jan Vidar forsvarer faren og er mest redd for at ho har gått seg bort i skogen eller vore utsett for ei ulukke.

INSTRUKS

- Tenk deg sjølv i ein sånn situasjon. Bruk egne erfaringar og kjensler for å leve dykk inn i karakterane og situasjonen
- Improviser samtala mellom Hillevi og Jan Vidar og ta lydopptak av improvisasjonen.
- Skriv ut ein dialog på grunnlag av improvisasjonen.
- Lag ei scene på grunnlag av dialogen: Kor er de? Kva gjer de? Når er det? (tid på døgnet)
- Lag ei scene for radioteater/podcast der de speler scena de har laga. NB! Tenk at lyttaren berre får informasjon frå det som blir høyrt. Det er viktig at de legg inn pausar og at det de seier blir høyrt.

”Å SKRIVE MONOLOGAR”, SJÅ MAL **HER**

OPPGÅVE 6.2: REGISSØREN

Miriam Prestøy er regissør for framsyninga Tollak til Ingeborg. I denne oppgåva skal elevane undersøke kva for ansvar regissøren har i ein teaterproduksjon, og kva arbeidsoppgåver det kan medføre. Det er ingen eintydige svar på dette. Regissørar arbeider veldig ulikt, også frå produksjon til produksjon, men sams er at dei bør ha ein kunstnarleg visjon eller eit mål med arbeidet.

Bli først litt kjent med Miriam Prestøy som regissør i eit intervju på Vestland Teater i samband med hennar oppsetjing av Jenta med fyrstikkene. I dei første 7 minuttane av intervjuet snakkar ho om korleis ho tenkjer og arbeider som regissør.

MIRIAM PRESTØYS TANKAR **HER**

INSTRUKS

Individuell oppgåve

Tenk deg at du får sjansen til å sette opp ei barne- eller ungdomsframsyning på Riksteateret. Du kan velje å sette opp kva du vil. Dramatisere ein bok du liker, sette opp eit stykke som allereie er skreve eller lage teksten sjølv.

Bruk tid på å formulere ein idé eller kunstnarleg visjon du har.

- Korfor vil du sette opp dette stykket?
- Korleis skal scena sjå ut?
- Kva verkemiddel vil du bruke (musikk, video osv.)?
- Kva ønsker du publikum skal oppleve med denne framsyninga?
- Kva er dine arbeidsoppgåver og ditt ansvar i produksjonen?

Elevane får deretter 5 min. kvar til å fortelje om deira prosjekt for resten av klassen eller i grupper.

Relevante lenker:

VEDLEGG 1 **HER**

VEDLEGG 2 **HER**

OPPGÅVE 6.3: KRITIKAREN

Etter at elevane har sett framsyninga Tollak til Ingeborg skal dei skrive ei melding og lage ein podcast der dei diskuterer framsyninga på bakgrunn av deira eiga melding.

INSTRUKS

Individuell oppgåve

Skriv ei kort melding av framsyninga på ca. 1 side

Før de går i gang kan de lese om korleis de skriv ein teaterkritikk og bruk teateret si nettside.

KORLEIS SKRIVE TEATERKRITIKK? SJÅ **HER**

LES MEIR OM FRAMSYNINGA **HER**

Moment du bør ha med i meldinga:

Presentasjon av stykket/oppsetjinga

Spelestil og skodespelarprestasjonar:

- Ekspressivitet: stemmebruk, fysisk uttrykk, emosjonell temperatur
- Samspel : kontakten mellom skodespelarane, korleis dei bruker einannan
- Rolletolking

Regi:

- Miljøskildring: tid og miljø
- Kva ønsker regissøren å formidle: budskap/tema?
- Kva slags stemning ligg i framsyninga?
- Rytme og tempo

6.4: KONKLUSJON:

Her skriv du om heilskapsinntrykket og meininga di om framsyninga

Kva likte du? Kva likte du ikkje ? Kva gjorde mest inntrykk?

Når elevane er ferdige med å skrive kan dei gå i grupper på 3 elever der dei saman skal diskutere framsyninga på bakgrunn av eiga melding. Lag gjerne ein podcast av dette og send inn til riksteateret.

